

**A-protokoll for Regionstyret NLM Nordvest****Tid og stad:** 22.6.2016 kl 17-2045 på Vestheim Ungdomssenter.**Til stades:** Svein Dalen, Ragnhild Fauske, Heidi Holtskog, Brynjar Muren, Martin Stige, 1. vara: Santiago Huanca 2. vara Linda Slyngstad**Administrasjonen:** Kåre Johan Lid**Forfall:** Monica Volle og Gunstein Ohma

Brynjar Muren hadde ei andakt til å byrje med. Om ny mannsgruppe på Stranda, og minna om Salme 103 om ein nådig, stor, aktiv og nærverande Gud. Bøn for styret og arbeidet.

**Sakliste:**

29/2016	Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte.
30/2016	Arbeid i regionstyret
31/2016	Konstituering
32/2016	Møteplan i regionstyret
33/2016	Orienteringar
34/2016	Representantar generalforsamling/årsmøte
35/2016	Nedlegging av Misjonssentralen Kristiansund
36/2016	Tilsettingsnemnd for barnehagane
37/2016	Eigarstyre barnehagane
38/2016	Regionmøtet 2016 evaluering og oppfølging
39/2016	Personal
40/2016	Vestheim Ungdomssenter – brev frå styret
41/2016	Økonomi undereiningar
42/2016	Økonomi NLM Region Nordvest
43/2016	Arrangement 2017
44/2016	Bjerkelund Bedehus

**29/2016 Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte.***Vedlegg 1 20160413 Protokoll RS A**Vedlegg 2 20160413 Protokoll RS B**Vedlegg 3 20160511 Protokoll RS B telefonkonferanse***Vedtak:**

Regionstyret godkjenner innkallinga til i dag og A og B protokoll frå 13.04.2016 og B protokoll frå 11.05.2016. Styret godkjende også at Bjerkelund Bedehus vart lagt til på saklista.

**30/2016 Arbeid i regionstyret***Vedlegg 4 20160210 Styringsdokument NLM Nordvest*

Regionleiar gjekk gjennom hovudpunkt i styringsdokumentet for regionstyret.

**Vedtak:**

Regionstyremedlemene har fått styringsdokumentet for regionstyret i NLM Nordvest og tek innhaldet til vitande.

**31/2016 Konstituering**

- a. Styret skal konstituere seg med leiar og nestleiar.



- b. Permisjonssøknad for styremedlem

**Vedtak:**

1. Styret konstituerer seg med Svein Dalen som leiar og Ragnhild Fauske som nestleiar.
2. Regionstyret gjev Monica Volle permisjon frå vervet i regionstyret fram til årsmøtet 2017.
3. 1. vara Santiago Huanca, valt for eitt år, fungerer som fast medlem. 2. vara Linda Slyngstad fungerer som 1. vara og vert kalla inn til alle møte.

**32/2016 Møteplan i regionstyret 2016-17**

**Vedtak:**

Regionstyret sine møte hausten 2016 og våren 2017 vert lagt til torsdagar desse datoane: 15. september, 13.oktober, 24. november, 9. februar, 9. mars, 20. april og 15. juni. I tillegg er det lagt opp til medarbeidarfest på 11. desember.

**33/2016 Orienteringar**

Munnleg orienteringar ført i B-protokoll.

Dokument til orientering:

1. Vedlegg 5 20160512 Årsmelding for Høgtun folkehøgskole 2015
2. Vedlegg 6 20160512 Revidert regnskap Høgtun 2015
3. Vedlegg 7 2016 Referat frå Årsmøte til RadioNordvest 2016
4. Vedlegg 8 20151124 Plan for førebygging av seksuelle krenkingar NLM Region Nordvest 2016
5. Vedlegg 9 20160421 Bur ref NLM Nordvest
6. Vedlegg 10 20160512 Referat frå styremøte til RadioNordvest
7. Vedlegg 11 20160513 Årsmøte for NLM Gjenbruk Kr.sund
8. Vedlegg 12 20160513 NLM Gjenbruk kr.sund årsmelding 2014 – 2015
9. Vedlegg 13 20160421 Rjånes US styreferat
10. Vedlegg 14 20160419 Tryggheim Brattvåg eigarstyreref
11. Vedlegg 36 20160503 Fra Ingve Nord-Varhaug til regstyret
12. Vedlegg 37 20160602 Vestborg styreprotokoll
13. Vedlegg 40 20160609 BUR ref

**Vedtak:**

Regonstyret tek orienteringane til vitande.

**34/2016 Representantar generalforsamling/årsmøte 2016-2017**

**Vedtak:**

Regionstyret vel desse til å representere regionen i årsmøteperioden 2016-2017:

Norrøna AS, Ålesund:	Brynjar Muren og Gunstein Ohma
Vestborg Vgs AS:	Regionstyret
Høgtun Fhs SA :	Regionleiar og Heidi Holtskog
Norrøna Kristiansund AS	Svein Dalen, Martin Stige



**35/2016 Nedlegging av Misjonssentralen i Kristiansund**

*Vedlegg 15 Notat frå Svein Dalen om selskaps Kristiansund*

*Vedlegg 16 20160523 GF protokoll Kapt Bødtkersgt 17*

*Vedlegg 17 20160523 Styremøte i Misjonssentralen*

**Vedtak:**

1. Misjonssentralen i Kristiansund vert lagt ned når punkt 2 i vedtaket er gjennomført.
2. All kapital og verdier som ligg i Misjonssentralen vert overført Norrøna Kristiansund AS.

**36/2016 Tilsettingsnemnd for barnehagane**

- a) Om tilsettingsnemnda for barnehagane
- b) Medlemer i tilsettingsnemnda.

**Vedtak:**

- a) Regionstyret vil be NLM-Barnehagane AS å ta over funksjonen tilsettingsnemnda har hatt med å vere rådgjevande og kvalitetssikrande instans for tilsettingane i barnehagane. På grunn av knappe administrative ressursar og fråverande fagmiljø, finn ikkje regionstyret at dette er ei oppgåve regionen bør ha.
- b) Fram til tilbakemelding frå NLM-Barnehagane AS på punkt førre punkt ligg føre, vil regionen vidareføre tilsettingsnemnda inntil vidare.
- c) Regionstyret vel Brynjar Muren og Heidi Holtskog til medlemer i tilsettingsnemnda.

**37/2016 Eigarstyre barnehagane**

*Vedlegg 18 20150617 Eigarstyre*

**Vedtak:**

Regionstyret ber administrasjonen spørje personar til eigarstyra nemnde i eige dokument i samband med rulling av styremedlemer. Regionstyret vel dei som er nemnde frå regionstyret/regionleiinga til som representantar til dei forskjellige eigarstyra. Om dei som er nemnt svarar nei, ber regionstyret leiargruppa arbeide vidare med dette.

**38/2016 Regionmøtet 2016 evaluering og oppfølging**

*Vedlegg 19 2016 Årsmøteprotokoll sign*

*Vedlegg 38 20160609 BUR evaluering fra BUR av BARNAS under regionårsmøte 2016*

Regionmøtet 2016 var i Torvikbukta 28.-29. mai med «Glede» som tema.

- a. Evaluering av arrangementet.
- b. Oppfølging av årsmøtet
- c. Neste regionmøte

**Vedtak:**

1. Regionstyret vil takke tilsette, frivillige medarbeidarar og Høgtun Fhs som gjorde ein stor innsats for at regionmøtet vart ei god samling. Først og fremst takkar regionstyret Gud for at han møtte oss.



2. Regionstyret ber regionleiar skrive til Sykkylven Misjonssambandsforeiningar for å få dei med som praktisk medarrangør saman med Stranda Misjonsforsamling.
3. Neste år ber regionstyret leiargruppa om ikkje å presentera alle undereiningar. I staden bør ein vurdere alternative måtar å presentere dei på, eventuelt rullere presentasjonen over nokre år.
4. Regionstyret vil følgje opp strategien som er vedteken, og ber regionleinga sette i gang arbeid for å sette smågrupper og innvandringsarbeid i fokus.

#### **39/2016      Personal**

Ført i B-protokoll.

#### **40/2016      Vestheim Ungdomssenter – brev frå styret**

Ført i B-protokoll

#### **41/2016      Økonomi undereiningar**

##### **A) Tilbakeføringsprosent fast givertjeneste NLM Ålesund Misjonsforsamling**

*Vedlegg 26 20160610 ÅMForsamling Tilbakeføringsprosent BrevHK*

##### **B) Orientering om søknad om auka låneramme Norrøna AS Ålesund**

*Vedlegg 27 20160527 Søknad til HS om låneramme for Norrøna AS*

*Vedlegg 28 Skisse per 09. mai*

*Vedlegg 29 20160613 Protokoll vedtak HS*

#### **Vedtak:**

- Regionstyret tek brev av 10.6.2016 til NLM v økonomileder om tilbakeføringsprosent til Ålesund Misjonsforsamling til orientering.
- Regionstyret gled seg over veksten i Ålesund Misjonsforsamling og tek til orientering vedtak i HS om utvida låneramme.

##### **C) Føring av ekstraordinære inntekter/ utgifter i underenhetene sine regnskap.**

**Vedtak:** Regionstyret ber administrasjonen om å informere underenhetene om informasjonen fra økonomileder omkring føring av ekstraordinære inntekter og utgifter i regnskapene, for å synleggjøre disse bedre.

##### **D) Utlån av kapital Region Nordvest**

#### **Vedtak:**

Regionstyret tek orienteringa om utlån av regionen sin eigenkapital til orientering.

##### **E) Regnskapsrapport Rjånes ungdomssenter**

*Vedlegg 30 20160430 regnskapsrapport Rjånes detalj*

#### **Vedtak:**

Regionstyret takkar for tilsendt økonomirapport og gler seg over god deltaking på leirane. Regionstyret ber om at styret for Rjånes saman med dagleg leiar har fokus på å betre likviditeten.

#### **42/2016      Økonomi NLM Region Nordvest**

##### **A) Økonomi- og gaverapport 2016**



*Vedlegg 31 20160513 regnskapsrapport mars*  
*Vedlegg 32 20160610 regnskapsrapport april*  
*Vedlegg 33 20160610 Gaverapport pr April*

**Vedtak:**

Regionstyret tek økonomirapport pr. 30.4.2016 for NLM Region Nordvest til orientering.

**B) Oppfølging av prioriteringer og satsningsområder i arbeidet sett opp mot budsjett 2016**

*Vedlegg 34 20160609 Statusrapport budsjett-strategi2016*

**Vedtak:**

Regionstyret tek den halvårlege statusrapporten om prioriteringar og satsingsområde i arbeidet sett opp mot budsjett til orientering.

**43/2016      Arrangement 2017**

*Vedlegg 35 20160613 Arrangementskalender 2017*

**Vedtak:** Regionstyret godkjenner oversikt over arrangement 2017 slik det ligg føre.

**44/2016      Bjerkelund Bedehus**

*Vedlegg 39 Bjerkelund Bedehus frå avgående styre*

**Vedtak:** På bakgrunn av tilsendt brev om situasjonen for Bjerkelund Bedehus, vil regionstyret forslå for Normisjon å selje bedehuset. NLM sin halvpart av netto salssum vil NLM Nordvest bruke til det beste for NLM sitt arbeid i Kristiansundområdet. Regionstyret ber styret for Norrøna Kristiansund AS å følge opp saka.

---

Svein Dalen

Ragnhild Fauske

Heidi Holtskog

Santiago Huanca

---

Martin Stige

Brynjar Muren

Gunstein Ohma

Linda Slyngstad

